STADNAMN EIKJABYGDA

1 ROEGRENDA – EIT TVERRSNITT AV BØHERAD



Lengst framme i bilde ligg Nord-Roe. Bak til venstre mot skogen ser ein Su-Roe. Fotograf: Ukjent.

Som innlandsbygd tek næringslivet i Bø farge av naturen. Det same gjeld for Roegrenda. I hundrevis av år har næringsgrunnlaget vore jordbruk, husdyrhald og skogbruk. Det landbruket gamle folk hugsar frå sin barndom, ber i seg mange element frå hundreår tilbake. Driftsmåtane endra seg lite før mekaniseringa etter krigen snudde på mangt.
Om garden var stor eller liten, finn vi dei same kulturane. Folk dyrka korn, gras, poteter og rotvekstar. Alt skulle tene til føde for folk og fe. Sea ein var så avhengig av eigenprodusert mat, kunne uår føre til sult og død. Men krigsåra 1940-45 synte at den som kan dyrke sin eigen mat, ikkje treng lide naud.

På tunet i Myre stend Anton og Anne Myre med dei 6 eldste borna, etter alderen: Olav, Sigvart, Anne, Halvor, Gunnar og Ingebjørg. Bilde er teke 1915. Fotograf: Ukjent.

Husdyra

Det var kua og grisen som gav føde til folk, både på storgardar og småplassar. Mindre rom blei det for sauen og "fattigmannskua", geita. Problemet var å skaffe nok for til dyra. Når høyet tok slutt om våren, måtte kyrne skaffast føde frå ekra eller skogen. Staurheimstulen i Breisås var ein slik plass der dyra berga livet til dei i tida frå St. Hans til september kunne beite på Kråkeroi i Åmotsdal.



Bilde av jente frå Roegrenda med telemarksku. Fotograf: Ukjent.

Folk var ivrige etter å ha gode telemarkskyr på båsen, og fleire gardar utmerkte seg ved å ha kyr premierte på utstillinga og på Dyrsku'n. Lokale fesjå blei halde heilt til etter krigen.
Gjevaste dyret på garden var likevel hesten, som slett ikkje alle såg seg råd til å ha. Hesten var drivkrafta på bygda, heilt til traktoren overtok plassen etter krigen. Hesten var slitaren framfor kjerra, plogen og slåmaskina. På tunet kunne han dra hestevandringa, og om vinteren drog han tømmerlasset og snøplogen. Men hesten var også det stolte dyret med dombjellekrans på kyrkjeveg, eller tråvaren som langa ut på Norheimtjønna og andre islagte vatn. Mange premiar har funne vegen til Roegrenda, interessa for hest og tråvsport har halde seg heilt til vår tid.

Handemakt og hestekraft

Jordbruket var arbeidskrevjande, og på dei større gardane kunne det vera fleire gutar og jenter i teneste. Arbeidsområde for mennene var helst ute på jorda og i skogen, mens kvinnene stod for innestell og fjøsarbeid. I onnene, slik som slått, skurd og potetoppraking, måtte dei fleste på garden trå til ute.
Høyet blei tørka på bakken eller i hesje. Kornet vart lenge skore med sigd eller ljå og bunde til kornband på staur. Treskinga gjekk føre seg på låven, anten ved hjelp av flygil eller treskemaskin driven med handemakt. Seinare kom hestevandring til som drivkraft. Etter kvart snudde sjølvbindar og skurtreskar opp ned på gamle arbeidsmåtar.
Potetopptakinga eller jordeplegravsten gjekk fyrst føre seg med grev eller greip. Seinare blei poterene pløgd opp, men det store framsteget kom med potetopptakaren som kasta potetene ut av forra.
Skogsarbeidet var tungt slit, før tømmerhogsten var basert på bruk av handsag, øks og berkjespade. Hesten drog tømmerstokkane til saga eller elva for fløyting vidare.

Bilde av Tor T. Hynne (Tolle) med hest og tømmerlass. Foto: Privat.

Lang arbeidsdag for kvinna

Kvinnene stod for innestellet i heimen, og på gardar og plassar var det ei stor og ansvarsfull oppgåve. Ein viktig del var matstellet, å foredle det garden produserte av kjøtt, mjølk, korn og poteter. Slaktinga gjekk føre seg om hausten, på ny måne, for da skulle kjøttet bli drygast. Utan frysar måtte kjøttet gjerast haldbart ved salting, tørking eller røyking. Mjølka blei gjerne syrna, resten kunne lagast til smør eller ost.
Kornet mol dei heime eller på bygdekvenna og lagra mjølet i store, tette trekasser, mjølbyrder. Ein del av mjølet gjekk med til flatbrødbaking. Dei store runde brøda (kakur) av gjæra deig, blei steikt i omn, det kunne vera ein stor steinomn som tok rundt 20 brød om gongen.

Brødbaking i Su-Roe, høsten 2005.
Frå venstre: Sveinung T. Roe (Guitte Su-Roe), Balla Hynne, Ragnhild Roe Lahus og Hellisjørg Hynne. Foto: Privat.

Frå gammalt av måtte kvinnene stå for 5 måltid om dagen: morgon, dugurd, middag, økt og kveldsmat. Kosthaldet var prega av liten variasjon, der graut, mjølk og brødmat var grunnlaget. Til middag var steikt flesk vanleg, om sundagen åt dei helst spa, dette er kjøttsuppe med kål, erter og gryn. Vask og stell av tøy var tungvint. Heldige var dei som hadde bryggerpanne til å varme vatn i. Så blei plagg for plagg skrubba i lut eller heimelag såpe på eit ruglute vaskebrett.

Signe T. Myhre på veg til hørselbesøk hos Signe og Knut Firtingen på Tjønnås Landhandel i 1939. Legg merke til kor fint graustespannet er pynta og flaska med flot som ho bar innpakka i handa! Foto: Bø Museum

Skyllinga blei gjort ved olle eller bekk, sommar som vinter. Og hendene som blei raude og såre, kunne bli herja av gikt i alderdommen. Mannfolka sleit hardt på arbeidskleda, og ungane måtte ha heile klesplagg. Så måtte tøyet bøtast, og bundingen kom fram når nye sokkar og loddar krevdest. I tillegg kom mange andre gjeremål som me vanskeleg kan tenkja oss.

Den yngre generasjon i Roegrenda midt på 1940-talet. *Frå høgre: Randi Øygarden, Mari Hynne (Steinsrud), Hans Kleiva, Anne Myhre, Astrid Myhre, Ragnhild Moen Roe, Kari Roe (Veila), Anne Hynne (Steinsrud), Halvor Roe, Arne Myhre og Gunnar Myhre (den minste). Fotograf: Hans G. Myhre.*

Ikkje rart i at det kunne bli seint før eldsvarmen eller parafinlampa sløktes i stugo. Og likevel hadde mor overskot til å pynte med gardiner og blomar i vindaugo. Trass i tronge kår hadde folk evne til å gle seg over lite. Skal tru om me ikkje har mista noko vesentleg i vår overmette kvardag?
Me har alt. Men det er også alt me har.

Gamle ord (ol) og uttrykk

Gamle ord (ol)	*Tyding*
Bliv	Ein som held på å drukne
Bonningen	Strikketøyet
Dugul	Føremiddagsmåltid ca. kl 10.00
Gjekk og les	Konfirmasjonsførebuing
Gruttut i veret	Overstrugande himmel, regn/torever
Glekar, det glekar ikkje	Nesten sikkert, hender slik alltid
Gjille	Festleg lag med dans og moro
Husjerå	Koppar, kar og andre ting inne i huset
Knuslut	Gjerug, gjerrig
Markja	Skogen
Nøre opp	Tenne opp varme i omnen
Sjenk	Servere øl og bakkels, kromkaker, fattigmann o.l.
Skjeldri	Bilde
Skjæren	Ei såks, saks
Sneisene	Strikkepinnar
Sprakje på, fått sprakje på	Fått greie på
Svøll	Is, blank is på fast mark
Va te jentun	Ein som var på frieri
Vreite	Lage grøft i jorda, til drenering o.l.
Økt	Ettermiddagsmåltid,ca kl 16.00


Oversikt over stadnamn.
Gjeve ut av
Eikjabygda Vel 2012.
Du står her.
Stadnamntavle.
Husmannsplass.
Plassering av stadnamn.
0m
200m
400m
Ekvidistanse 10 meter.
Grunnlag: Turkart "Bø" og kommunale data.
Breisås
Myrenstulen
Liagruva
Gamlestul
Steinsrud
Gamle Steinsrud
Roegrenda
Eikjarud
Staurheim
Tjønnås
Bø kommune
Nome kommune
Drigelsmyrane
Åsen
Åsjenn
Damtjønn-åsen
Midtingtjønn
Grønmyr
Børtehytta
Skrotefjell
Midlertidig plass for lagring av våpen
Våpenlager fra Krigen
Sleppåsen fra krigen
Nyttjønn
Raudmyrane
Skubbedalsfjellet
Røysdalsåsen
Åsmyr
Kringlemyr
Stauremstulen
Staurembrukåsa
Stulsbekken
Stulsfjellet
Langeskåtbekken
Langeskåtsletta
Langeskåt
Rugåsa
Rugåsbekken
Kråkevegbrottet
Steinsrudet
Petterskås
Liagruva
Myrenstulen
Breisås
Solvang
Myre
Stugudalen
Ormedalsgjået
Skrubbesteinen
Dyrskuplassen
Sprengstofflager
Kyrkjekleiva
Tjønnås Torvstrøtabrikk
Tjønnashelena
Nistugukåsin
Nistugutelte
Myrefelte
Børtefelte
Nistugutorvun
Ånsjenna 82
Ånsjorvun
Haugene
Sudbø
Snauåa
Tjønnås stasjon
Ranåssaga
Fokkbekkåsen
Lukkvegen
Sandbakkåsen
Stauremgjuv
Stavelen
Fjosvelen
Nimålseikra
Bjørkåker
Ragnåker
Gravlven
Fyjo
Siljureina
Stubbakkje
Tjønnåsa
Lifsmyr
Kalvemyra
Fresteinbakken
Ronningen
Stadskleiv
Stelbubakken
Stelsdalen
Fentoholet
Kyllingen
Vesleskåtlin
Hynnebekken
Hynne
Hynnesæter
Hynnesæka
Hynnesaga
Hynnesæten
Myrebekken
Myresæten
Torvmyra
Nigard-kåsin
Eikjarudliene
Langhavna
Eikjarud gravstad
Kennbuekra
Bøtlaen
Stelbuekra
Hanna
Roegutlyn
Roebrua
Roebekken
Hyttegrimsvelen
Skrivarberje
Kåsa
Øksker
Stalbuekra
Rauebekken
Roeåsen
Roehaugen
Steinsrubekken
Moen
Rævdalsrje
Buåsåsen
Øreskåte
Deilmyr
Djupmyrhælsen
Djupmyr
Svælåsa
Dalin
Heimejole
Smiuvrin
Langåsa
Glytta
Bråte
Linåkeren
Lille eie
Store eie
Geitehåle
Stuguberg
Svælåsa
Haugene
Kringlåsa
Kringlåskra
Bråkekra
Kringlås
Nybrotslia
Svetleokra
Haugene
Trånnna
Sæmårfjoshåndet
Havrekåshåle
Stadsbekken
Stadsbekkje
Nerbøbakken
Tandrotna
Lykkja
Kåsåsaja
Kåsåsbekken
Kåsåsbrua
Kåsåsbakk
Kåsåsgrytta
Gudbrandsnut
Hegna
Kryngleveg
Sudjo
Kåsåsalta
Mjølkevegen
Kåsa
Bråtnvinbakk
Håsåsrud
Håsåsrudbekken
Håsåsrudhåtten
Asliokra
Sleveekra
Veijrud
Leirhue
Hegåste berja
Julianssebakken
Ettmålsstykkje
Kvelsbyhyll
Hønnehåle
Klåkkarflata
Kvålsmyr
Kvålsmyrbekken
Vensås
Åsen
Diplemyr
Åsjenn 346
Damtjønn-åsen
Midtingtjønn
Grønmyr
Sleppåsen fra krigen
Nyttjønn
Raudmyrane
Skrotefjell
Skubbedalsfjellet
Røysdalsåsen
Åsmyr
Kringlemyr
Stauremstulen
Stauremgjuv
Stulsbekken
Stulsfjellet
Langeskåtbekken
Langeskåtsletta
Langeskåt
Rugåsa
Rugåsbekken
Kråkevegbrottet
Steinsrudet
Petterskås
Liagruva
Myrenstulen
Breisås
Solvang
Myre
Stugudalen
Ormedalsgjået
Skrubbesteinen
Dyrskuplassen
Sprengstofflager
Kyrkjekleiva
Tjønnås Torvstrøtabrikk
Tjønnashelena
Nistugukåsin
Nistugutelte
Myrefelte
Børtefelte
Nistugutorvun
Ånsjenna 82
Ånsjorvun
Haugene
Sudbø
Snauåa
Tjønnås stasjon
Ranåssaga
Fokkbekkåsen
Lukkvegen
Bø kommune
Nome kommune
Drigelsmyrane
Ormedalsåsen
Sandbakkåsen